

Referansemateriale til misjonshistoria i «Handels- og sjøfartstidende» på Mauritius

AV LUDVIG MUNTHE

Me er i seinare tid vorte merksame på dei mengder verdfullt materiale om Madagaskar si historie som er gøymd i nasjonalarkivet på den vesle granneøya Mauritius. Mauritius var gjennom lange periodar på 1700- og 1800-talet senteret for Madagaskar sin kontakt med utlandet. Den engelske administrasjonen på øya var godt organisert, så dokument om hendingar og vedtak i dei ulike periodar vart teke vel vare på.

No veit me meir om kva som finst i dette arkivet. Den *Liste d'Inventaire* som med norske midlar er utarbeidd i samband med registreringa av Madagaskar-materiale fleire stader, har også ein avdeling om Mauritius. Inventarlista inneheld elles tilvisning til aktuelt materiale i Leiden-Holland, Goa-India og i Indonesia. Arbeidet er utført gjennom eit kulturprosjekt betalt av kulturkontoret i Departementet for utviklingshjelp.¹

Kjeldematerialet på Mauritius som har interesse for Madagaskar femner vidt: frå handel, skipsfart og kontakt med Europa, Afrika og Asia til opplysningar om og vurderingar av politiske hendingar på Madagaskar, utlendingar si oppleving av gassisk folkereligion og levesett og informasjon om landet sine naturrikdomar. Den engelske administrasjonen og ibuarane på Mauritius kjende seg avhengige av dette store markedet og det rike spiskammeret på Madagaskar. Difor er kjeldene med informasjon om granneøya mange og verdfulle.

Mengda av handskrevne dokument, protokollar og brev er truleg den mest verdifulle delen av arkivet. Men vender ein seg til trykt materiale, vil avisene sine Madagaskar-opplysningar imponera. Talet på aviser får ein også til å undrast. Folk og styresmakter på Mauritius investerte mykje tid og pengar i informasjon og vurdering av dei ulike sider ved livet på øyane der langt ute i det Indiske hav.

Mellom dei mange tema avisene interesserar seg for, har kyrkje-misjon også fått ein sentral plass. Avisene byr såleis på referanserammer også for misjonshistoria. Dei engelske Mauritius-avisene er sjølv sagt i sine kyrkjespalter mest opptekne av protestantisk, engelsk misjon representert ved London Missionary Society (LMS) som i åra 1818–1820 tok opp arbeidet på Madagaskar.

Når det gjeld LMS, finst det i dette arkivet stoff som ikkje berre har referanseinteresse, men som representerar basiskjelder med nytt lys over t.d. tilhøvet mellom misjon og den politiske administrasjonen på Mauritius. Fridtjof Birkeli ville såleis under arbeidet med problemet politikk–misjon på Madagaskar, i Mauritius-arkivet ha funne meir tilfang til si gransking, om denne kjelda hadde vore tilgjengeleg. Han refererer ved somme høve til Mauritius-materiale som fanst i England og til andre sin bruk av dette.²

Me skal i det fylgjande vitja statsarkivet på Mauritius og ved dette høvet konsentrera oss om ei av avisene frå førre århundre og der peika på noko av det Tamatave-korrespondenten for *The Overland Commercial Gazette* i Port Louis, Mauritius gjennom 5 år (1867–1871) fortel om norsk misjon. Det meste av innhaldet i hans rapportar går på andre emne, særleg på slikt som har økonomisk interesse. Korrespondenten nemner ikkje namnet sitt og nyttar berre ein gong eit psevdonym.

31. juli 1867 kom det ei ukjend skute med namnet «Eliezer» inn på Tamatave hamn.³ Korrespondenten kjende til at det hadde komme to nordmenn til Madagaskar. Men norske skuter hadde han aldri sett i Tamatave. Han gjev eit levande inntrykk av det oppstuss og den undring det vekte då eit skip «*Under colours that no one seemed to have seen before*» kasta anker. Han fortel korleis gassisk tollvesen tok ein første kontakt gjennom underordna offiserar som padla ut i ein kano. Korrespondenten fekk vera med i kanoen og oppdaga då at «Eliezer» var «eit norsk luthersk misjonsskip» som etter 12 dagars reise frå Natal i Sør-Afrika hadde nådd Madagaskar. Kapteinen presenterte ein gentleman for han. Denne viste seg å vera biskop Schreuder.⁴ Biskopen hadde eit komplisert skandinavisk-klingande namn som korrespondenten fann vanskeleg både å skriva og å uttala. Korrespondenten karakteriserte det som ei stor hending at Madagaskar hadde fått besøk av ein luthersk biskop.

Så vidt han forstod ville biskopen opp til hovedstaden saman med dei andre passasjerarane, ein misjonær og nokre norske damer,⁵ for å hjelpe til med kjøp av eigedom til eit misjonssenter

for NMS. Båten skulle venta på Schreuder i Tamatave og føra han attende til Sør-Afrika.

Korrespondenten la under besøket ombord særleg merke til at kapteinen på «Eliezer» etter forslag frå biskopen, baud tolloffiserane på mat istaden for det vanlege: alkohol. Korrespondenten gav seg til ombord lenger enn tollarane. Han fekk skyss iland med «Eliezer» sin eigen småbåt saman med kapteinen og biskopen då dei skulle på visitt hos den engelske konsulen i Tamatave og hos «*The Missionary Agent*» i byen.⁶

Ikkje berre biskopen, men også sjølve skipet var «annleis». «Eliezer» tilhørde misjonærane og var bygd for å føra misjonærane frå stad til stad.

Kapteinen og mannskapet på si side måtte vera «religiøse og lutherske». Korrespondenten likte dei norske sin enkle uaffekterte væremåte, så ulik «visse andre» knytt til religiøst arbeid som han hadde møtt under deira gjennomreise i Tamatave. Det var særleg dei frikyrkjelege LMS-misjonærane og deira livsstil han mislikte, noko han nytta alle høve til å nemna. Som anglikanar syntes korrespondenten ekstra godt om biskopen. «Han er nesten verdsleg gløgg, er fornuftig samstundes som han har åndeleg vurderings-evne, noko han nok får bruk for når han skal ha med eit så oppvakt folk som Hova-stammen i Innlandet å gjera».⁷

Meldingane fra Tamatave i neste nummer av avisa er datert 12. august 1867,⁸ fortel at biskopen saman med den nemnde misjonæren i reisefylgjet og «some Norwegian ladies» (Martinius Borgen, Inger Ommundsen/Nilsen, Johanne Mathilde Abel/Engh), hadde like etter dei kom, teke fatt på vegen opp til hovedstaden for å etablere eit senter for «den norske religiøse brorskapsrørsla».

Dronninga var på denne tida komen til kysten frå Antananarivo med eit fylgje på tusentals menneske. Ho hadde aldri sett eit havgåande skip, så det var, fortel han, ei tid tale om at «Eliezer» som berre låg og venta likevel, skulle gå til den vesle kystbyen litt sør om Tamatave der dronninga var med sitt fylgje. Men av ulike grunnar, m.a. økonomiske, vart det ikkje noko av.⁹

Den 24. august kunne korrespondenten notera for avisa at biskop Schreuder enno ikkje var komen attende til kysten. På grunn av den lange og tunge vegen opp til 1400 meters høgd gjennom tett tropeskog, var det heller ikkje å venta. Først den 18. oktober (1867) kan det meldast at biskopen var vel attende og ombord att i «Eliezer», og på veg heim til Sør-Afrika. Skipet hadde for returen

lasta inn ris og tomtønner. At korrespondenten fylgde «Eliezer» på nært hald og med særleg interesse, forstå ein når han endåtil kan oppgje prisen kapteinen hadde måtta betala for risen.

Neste gong me i *The Overland Commercial Gazette* høyrer om «Eliezer» er i mainumneret i 1969. Men der seiest det berre at ein i Tamatave ventar den norske båten attende i løpet av året. Ser ein på skipslistene i Port Louis på Mauritius finn ein at «Eliezer» kom i havn der den 2. september 1869.¹⁰ Men då hadde misjonsskipet alt vore i Tamatave.

Den 11. august noterar korrespondenten at biskopen var komen på si andre vitjing og at det denne gongen kom ein norsk lege saman med han (dr. Christian Borchgrevinck) ved sida av ein flokk «vanlege» misjonærar.¹¹ Heile fylgjet drog straks vidare til hovedstaden.

Korrespondenten refererar i dette høvet ikkje spesielt til biskopen. Men når han dreg fram ei mengd om den ufine konkurransen mellom protestantiske LMS-misjonærar og katolikkar, kan det gjerne ha sin grunn i samtalan hans med Schreuder. Jesuittmisjonærar klagar over at protestantiske gassiske funksjonærar i staten si teneste, støtta av LMS-misjonærar, hindrar deira arbeid i den grad at det står om religionsfridomen. Etter at den gassiske dronninga vart ein kristen, sette ho i gong kongemisjon og tvangskristning. Me veit at Schreuder heller ikke var glad for dette.¹² Han var slett ikkje nøgd med LMS si innstilling til biskopelege lutherske og anglikanske kollegaer, og med at dei var så lite skeptiske til dronninga sin «kongemisjon». Korrespondenten kan fortelja et medan LMS gler seg over stoda og nemner særleg kapellet dronninga bygde på slottsområdet på denne tid som ein siger, vart både ho og LMS kritiserte for at kyrkja vart reist ved tvangsarbeid der dei utskrevne ikkje fekk løn.

Ein får inntrykk av at korrespondenten etter kvart syntest også den norske biskopen var i stridaste laget. I alle høve merkjer ein at han som motvekt til dei stridsame teologane «frå ulike kyrkjefamfunn», meir og meir dreg fram alt det fine han har høyrte om den milde, hjelpsame norske misjonslegen dr. Borchgrevinck. Misjonslegen må ha gjort eit mektig inntrykk på alle, for dette er slett ikkje einaste gongen han i skriftlege rapportar får beste karakter og er kalla m.a. «Madagaskar sin mest populære person» av europearar der.¹³

Neste gong avisa på Mauritius kan fortelja om den norske misjo-

nen på Madagaskar er den 27. august 1870.¹⁴ Den dagen ankra «Eliezer» på ny opp i Tamatave. Avis sin korrespondent slår fast at misjonsskipet no er kjend av folk på øya etter «*several visits*». Det var rett nok berre tredje gongen «Eliezer» kom til Madagaskar frå Europa. Men under ventetida i Tamatave ser det ut for at skipet var snarturar til La Réunion og Mauritius. Kapteinen måtte tenkja på økonomien, skaffa ny last til Europa slik at reisa kunne bera seg.

«Eliezer» hadde denne tredje gongen brukt «meir enn 100 dagar» på ferda frå London til Madagaskar, fortel korrespondenten. I Tamatave hadde Borchgrevink og ein annan av dei norske misjonærane (Borgen) alt venta ei heil tid. Men misjonslegen hadde under opphaldet i Tamatave vore travelt oppteken med dei mange som bad om hjelp. Korrespondenten slår stort opp at Borchgrevink hadde berga livet til ein Mr. Anderson som hadde vorte sjuk i Tamatave under gjennomreise frå Natal. Ikkje underleg då at misjonslegen vart kalla «den gode samaritan».

Misjonsskipet kom denne tredje gongen med ei saltlast på 100 tonn, ein del ballar eller kassar med bomullstøy o.a. «Sidan misjonærar representerar livets salt er det såleis mykje salt ombord i misjonsskipet», legg korrespondenten til.

Mens «Eliezer» enno heldt på å lossa, kom skipet «Penelope» frå Mauritius med fleire protestantiske misjonærar. Mellom dei var fleire norske kvinner som skulle arbeida i NMS. Dr. Borchgrevink var komen til Tamatave for å ta imot Johanna Wang som han skulle gifta seg med. Dei vart vigde i Tamatave ein av dei første dagane i september. Borchgrevink seier i boka si «*Erindringer...*» at reiselaget frå Norge nådde Tamatave den 1. september 1870. Med var Bertha Dahle, Nikoline Hirsch og Johanna Wang. Lars Dahle som no også gjorde sin entré på Madagaskar synest ikkje å ha gjort same inntrykk på korrespondenten som biskop Schreuder. Dahle er ikkje særleg nemnd i alle fall.

Dei fleste norske drog straks vidare oppover til hovedstaden. Borchgrevink og kona vart ikkje med saman med dei andre for dei hadde saman med Borgen fått eit spesialoppdrag.

Den 8. september noterte korrespondenten at «Eliezer» la ut på ei ferd rundt Madagaskar med Borchgrevink og Borgen ombord. Kursen vart først sett mot St. Augustinbukta ved Tulear på Vest-Madagaskar. Korrespondenten må ha snakka med reiselaget, for han kan fortelja at målet med reisa var å finna nytt arbeidsfelt for den norske misjonen. Han fortel også at kapteinen enno hadde

noko av saltlasta att. Han skjøna det slik at det attverande var kapteinen sin private del av lasta.

Den 5. november kjem korrespondenten i sin rapport attende til «Eliezer» og norsk misjon. Misjonsskipet sin agent i Tamatave, Proctor Brothers, hadde opplyst at misjonsskipet framleis heldt seg på Vest-Madagaskar, og at opphaldet i gassisk havn kunne vara lenger enn tenkt og ønskjeleg. Det hadde nemleg brote ut koleraepidemi på Vest-Madagaskar. På grunn av smittefaren rekna agenten med at folk ombord i «Eliezer» ikkje ville få gå i land i Tamatave. Difor var han både redd og forarga då han fortalte til korrespondenten at etter at skuta hadde ankra opp i havna seint ein kveld, hadde somme passasjerar drege i land i lett båten utan at styresmaktene visste om det.

Agenten, som hadde opplevd koleraepidemi, såg alvorleg på dette lovbrøtet. Han kritiserte den norske kapteinen og ikkje mindre dei gassiske soldatane som første morgonen også hadde teke imot og levert post til «Eliezer». Korrespondenten på si side prøvde å orsaka misjonæranne og mannskapet med at dei truleg var uvetande om at dei burde gå rett i karantene. Representantar for styresmaktene drog omsider ut til «Eliezer». Helseprotokollane vart overleverte, og kapteinen kunne ropande fortelja at han undervegs hadde høyrte om koleraepidemien vestpå og difor ikkje hadde vore innom dei smitta kystbyane som t.d. Majunga.

Misjonsskipet hadde forlate siste havn på Vest-Madagaskar den 15. oktober. Fram til ankomsten i Tamatave den 3. november var det gått 19 dagar. Sidan ingen ombord var sjuke meinte han at karantene for «Eliezer» ikkje burde koma på tale.

Likevel sette dei gassiske styresmaktene det norske «koleraskipet» i karantene på Tamatave havn på ubestemt tid. Gassarane hadde vore under press m.a. frå den engelske konsulen i Tamatave. Han hadde protestert fleire gonger mot at sambandet med «Eliezer» på havna ikkje var heilt brote. Han meinte at korkje styresmaktene eller dei norske ville vera lukkelege om ein eventuell koleraepidemi i Tamatave kunne først attende til «Eliezer».

Etter 3 veker i karantenen var fåren over og «Eliezer» fekk løyve til å fara vidare. Det var helseleiinga i hovedstaden som tok den avgjerda og gav misjonsskipet lov til å bryta opp.

Før «Eliezer» letta anker den 22. november 1870 hadde korrespondenten vore ombord og frita ut kapteinen om dei ulike observasjonane han og mannskapet hadde gjort på ferda langs vest-

kysten. Han fortel i sin rapport til bladet slikt han trur vil interessera dei engelske styresmaktene på Mauritius: om amerikanske interesser for Vest-Madagaskar representert ved amerikanske kvalfangarskuter og deira landbaser. «Eliezer» hadde fått visse vanskar undervegs avdi ein av dei amerikanske kapteinane for spøk hadde presentert dei norske for gassarane på staden som «sjørøvarar på jakt etter slavar»!

Korrespondenten hadde vidare spurt kaptein Ludvig Larsen ut kor Hova-garnisonane var plasserte. Larsen hadde då fortald om garnisonen i Morondava som var bra stor og godt utstyrt, men at han elles hadde observert berre få soldatforlegningar frå sentral-regjeringa i Antananarivo. Dronninga syntes enno ikkje å ha makta å etablera eit effektivt nasjonalt styre. Lokale hovdingar var no som tidlegare dei eigentlege herskarane langs kysten. Eit par franske handelsmenn importerte våpen og skaffa sakalavaene ammunisjon. Våpna dei selde kom frå La Réunion og Mauritius. Men dei franske handelsmennene hadde også skaffa seg kanonar frå vraket på eit forlist skip «Jersey» i Tamatave-området.

Kapteinen på «Eliezer» hadde elles fortalt at saltet han hadde med vestover ikkje var seld. Markedet der var alt metta. Saltet vart no etter at karantenetida var slutt, lossa i Tamatave og etter avtale med tollvesenet seld for «*about 5 cts pr. 100 lbs. french weight*».

Korrespondenten skjøna vel at alle som hadde vore ombord syntes tida hadde vore lang og at dei fryda seg då dei endeleg fekk koma i land, at «fangenskapet» var slutt og at dei på ny kunne strekkja på beina.

Når det gjeld last til Europa tok «Eliezer» inn gummi, rofiabast som i Tamatave berre kosta 2 dollars pr. tonn(?) og kunne gje stor fortjeneste ved sal i Europa. Korrespondenten la ved ei prøve saman med artikkelen og meinte markedet på Mauritius også burde interessera seg for dette Madagaskar-produktet som nordmennene hadde oppdaga verdien av.

Ludvig Larsen fekk denne gongen dessutan med to passasjerar: kona og dotter til ein handelshus-styrar i Tamatave.

I boka si «*Livet før døden*», fortel Ludvig Larsen dramatisk om dei problem særleg av kjenslemessig slag desse damene skapte på ferda til London.

Som passasjerar langs kysten frå Tamatave til dei sydlegare deler av Madagaskar hadde «Eliezer» også med to navngitte engelske insektsamlarar.

Rapportane frå Tamatave gjev i det heile mange opplysningar om europeiske vitskapsfolk og deira prosjekt på øya.

Den 26. november kunne det meldast at dr. Borchgrevink, «*the Norwegian missionary medical-man*», var starta på si ferd oppatt til hovedstaden saman med fru Borchgrevink, og at misjonsskipet om få dagar, truleg den 10. eller 11. desember skulle setja kursen for England. Først skulle ein berre ta ombord noko last (ris og gummi) i Mahanoro og Vatomandry, to mindre stader lenger sør på Aust-Madagaskar. Skipet skulle derifrå dra til Europa via Natal, Sør-Afrika.

Men før avreise frå Tamatave var to av mannskapet på «*Eliezer*» saman med korrespondenten til stades på ei engelsk gudsteneste. På trass av si generelle kritiske haldning til misjonane (bortsett frå den norske!) er korrespondenten ei oppkomme av kunnskap om all slags misjon på Madagaskar på den tid. Ein skjønar at han tilhørde den anglikanske kyrkja og irriterte seg såleis over LMS sine frikyrkjelege skikkar og uskikkar. Han var særleg forarga over kor lite hjelpsame LMS-folka var overfor den norske misjonen og kritiserar i denne rapporten LMS også for motstand mot at ein anglikansk biskop skulle koma. Noko ivrig kyrkjegjengar har han knapt vore på trass av ei seinare skildring av anglikanske gudstenester der han tok del. Det var «*to please the missionaries*» at han vart med til denne novembersamlinga saman med dei to norske gjestene. Litt sarkastisk seier han at han denne gongen ulikt seg sjølv ikkje sovna under bønene og preika. Men så var det heller ikkje nokon av kystmisjonærane som han kjende, som forretta! Gassarane som var til stades på denne spesielle gudstenesta tok ivrig del i songen. Dei hørde også stille etter under den lange preika på engelsk «utan manuskript», som han seier. Trass i si litt kritiske innstilling til kyrkja, seier han seg i slutten av rapporten lei for at sjukdom syntes driva bort dei engelske misjonærane frå Aust-Madagaskar.¹⁵

Den 15. oktober 1871 er «*Eliezer*» for fjerde gong attende i Tamatave. Korrespondenten er straks på plass for å rapportera til si Mauritius-avis at misjonsskipet også denne gongen kom frå London via Natal. Misjonsskipet hadde på siste etappe, frå Sør-Afrika til Tamatave brukt 14 dagar. Han kan vidare melde at 4-5 norske damer var med som passasjerar på denne turen. Dei skulle gifta seg med norske misjonærar.¹⁶

Korrespondenten er imponert over NMS som etter kvart har

etablert ein heil koloni på Madagaskar. Sjølsagt nemner han frå denne reisa med misjonsskipet at ein av matrosane, G. Sivertsen, hadde falle overbord og vart borte. Sidan slike ulukker var noko ein måtte rekna med og var vant til, gjorde han likevel ikke så mykje ut av denne ulukka som ein skulle ha trudd.

«Eliezer» hadde med 100 tonn ulikt gods til agentfirmaet Samuel Proctor frå eit firma i Manchester, m.a. 25 kassar med steintøy og eit parti svovelsyre. Korrespondenten skjøna det slik at resten av lasta også denne gongen var kapteinen sin private eigedom. Ser ein på alle dei underlege varene som er rekna opp, skulle ein tru det også stemte. Ludvig Larsen var ein original på alle vis, også når han fungerte som kremmar. Denne gongen hadde han med seg klokker, musikkboksar, ullteppe og liknande.

Den 20. oktober registrerar korrespondenten at dei fem nykomne norske damene starta på den lange ferda opp til Antananarivo i bærestol.

Før avreisa heldt ein amerikanar busett i Tamatave ei elegant mottaking for dei. Mr. J. Orne Ryder var meir enn nokon andre hjelpesam mot alle misjonærar på gjennomreise der i havna.

Også i sin rapport om dette selskapet nyttar korrespondenten høvet til å seia noko fint om dei norske: «Med sitt alvor og sin stille, enkle kristne livsstil som minner om det me les om dei første kristne, vil dei truleg vinna seg godt fotfeste på Madagaskar».¹⁷

NOTER

1. *Listes d'inventaire des sources historiques sur Madagascar* (red. L. Munthe). Sjå her: *Newspaper Mauritius*. Denne samlinga kjeldemateriale utarbeid i samband med kultursamarbeidet Norge-Madagaskar og betalt av Departementet for Utviklingshjelp, finst i fotokopi i avgrensa tal i bibliotek på Madagaskar, i Frankrike, i England og her i landet. Her finst samlinga på Menighetsfakultetet, Egede Instituttet, Departementet for Utviklingshjelp, Misjonshøgskolen i Stavanger, Hist. Inst. ved universitetet i Trondheim. Navnet på dei som i månadlange forskningsterminar betalt av Departementet i Oslo, oppheldt seg på Mauritius, i Leiden, Holland, Indonesia og Goa, India, står på kvar liste. Noko av dette materialet blir publisert som eigne bøker eller som større artiklar i tidsskrift.
2. Birkeli nyttar Mauritius-materiale som han fann i Public Record Office, i LMS- og SPG-arkiva i London. Sjå hans *Politikk og misjon*, Oslo 1952, s. 41, 85, 97ff.
3. *The Overland Commercial Gazette*, no. 601 som kom ut i Port Louis,

- Mauritius i september 1867. Sjå elles: Fr. Birkeli: *Politikk og misjon*, Oslo 1952, s. 189ff.
4. Biskop H. P. S. Schreuder styrde Madagaskar-misjonen frå sitt faste sete i Sør-Afrika i åra 1866 til 1873 då det vart brot med NMS.
 5. Me veit frå andre kjelder at med i reisefylgjet var Martinius Borgen, Johanne Matilde Abel gift med John Engh 7. sept. 1867 og Inger Ommundsen gift med Nils Nilsen den 7. sept. 1867. *NMS' historie*, bind IV v/Fr. Birkeli, Stavanger 1949, s. 50.
At det vart lagt merke til Schreuder sin biskop-status heng truleg saman med spaninga på Madagaskar mellom dei frikyrkjelege LMS-misjonærane og dei høgkyrkjelege SPG-anglikanarane. Korrespondenten var sjølv anglikanar.
 6. Truleg blir det her vist til anglikanar-misjonæren Chiswell – om det då ikkje er tenkt på LMS-misjonæren Hartley. Sjå Fr. Birkeli: *Politikk og misjon*, Oslo 1952, s. 189.
 7. *The Overland Commercial Gazette*, no. 601 av september 1867.
 8. *The Overland Commercial Gazette*, no. 602 trykt 8. september 1867.
 9. Kan det vera ein samanheng mellom dette uoppfylte dronningyskjet om å koma ombord i «Eliezer» og biskopen/konsul Packenham sine vanskar under forhandlingane med styresmaktene i Andevoranto? Sjå: Fr. Birkeli: *Politikk og misjon*, Oslo 1952, s. 189ff. *The Overland Commercial Gazette*, no. 602, skreve 5. oktober 1867.
 10. *The Overland Commercial Gazette*, no. 633 for september 1869. Sjå også oversikten over skipsanløp i Port Louis i «Listes d'inventaire» utarbeidd av Olaug og Ludvig Munthe.
 11. Av andre kjelder veit me at med i reisefylgjet var Thorkild G. Rosaas, Lars Stueland, David Egenæs, Peder P. Pedersen, Jørgen T. Nygaard, Hans Wilhelmsen.
Mens korrespondenten seier 11. august, fortel dr. Borchgrevink at reisefylgjet kom den 19. august til Tamatave. Sjå Christian Borchgrevink: *Erindringer fra de første 50 år*, Stavanger 1921, s. 14ff.
 12. L. Munthe: *Misjonæren Lars Dahle*, Oslo 1968, s. 11ff.
 13. L. Munthe: *Venstrehandsmisjon?*, Oslo 1985, s. 34 med tilhøyrande noter.
 14. I *The Overland Commercial Gazette*, no. 648 for oktober 1870 vert denne rapporten publisert. Dr. Borchgrevink seier «Eliezer» kom den 26. august. Sjå Christian Borchgrevink: *Erindringer fra de første 50 år*, Stavanger 1921, s. 31.
 15. *The Overland Commercial Gazette*, no. 650 for desember 1870, og no. 651 for januar 1871 og no. 657 for juni 1871.
 16. Frå andre kjelder veit me dei som kom var: Gabrielle G. Svendsen som vart gift med L. Dahle, Hanna Pedersen, gift Nygaard, Anne Marie Sunde, gift Wilhelmsen, Christine Larsen, gift Pedersen, Julie E. Thomassen, gift Rosaas.
 17. *The Overland Commercial Gazette*, no. 633 for desember 1871.

Reference documents in the island of Mauritius – of interest for the history of mission

This important National Archive of special interest for Madagascar, but also for Europe, includes documents and printed material that may shed new light even on mission work in the last two centuries.

The article presents a study of The Overland Commercial Gazette which through its correspondent in Tamatave, Madagascar during a period of 20 years recorded events in Madagascar in shipping, trade, politics, scientific work and so on. His special interest for the different mission societies and the church in Madagascar makes this newspaper a gift to the study of church history.

The author of this article responsible for registration of material concerning Madagascar, sponsored by the Norwegian Government, has presented an «Inventory-list» containing more than 1000 pages. Photocopies has been distributed to university-libraries in Madagascar, France, Norway and could still be asked for through our Review NOTM.